



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2016

Kontrollutvalet



Innhold

1	Innleiing	4
2	Samansetting av kontrollutvalet	4
2.1	Kontrollutvalet 2015 – 2019.....	4
3	Kontrollutvalet sitt formål	5
4	Budsjett og rekneskap	5
5	Revisjon av fylkeskommunen	5
6	Sekretariat for kontrollutvalet	6
7	Kontrollutvalet si verksemd 2016	6
7.1	Møteverksemd	6
7.2	Fylkestingsaker frå kontrollutvalet.....	6
7.3	Omtale av saker som kontrollutvalet handsama i 2016.....	7
7.3.1	Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2016	7
7.3.2	Kjøp av forvaltningsrevisjon – rammeavtale	7
7.3.3	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll	7
7.3.4	Verksemdplan for kontrollutvalet 2016 – 2019	7
7.3.5	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2015	7
7.3.6	Selskapskontroll	7
7.3.7	Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt	8
7.3.8	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt	9
7.3.9	Kombinasjonen av å vere medlem i kontrollutvalet og finansutvalet.....	11
7.3.10	Kontrollutvalet - Budsjett 2017/Økonomiplan 2017 – 2020.....	11
7.3.11	Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015 til desisjon	11
7.3.12	Revisorbrev 03/2016	11
7.3.13	Vurdering av uavhengigheit	12
7.3.14	Engasjementsbrev frå SF revisjon IKS	12
7.3.15	Oppfølging av utvalet sitt arbeid.....	12
8	Andre forhold	12
9	Oppsummering	12

1 Innleiing

Kontrollutvalet fører tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er kontrollutvalet sine sentrale oppgåver.

Kontrollutvalet har i 2016 fortsatt hatt fokus på det gode samarbeidet med våre nabofylke sine kontrollutval. Opplæring har vore sentralt i 2016. Det har vore gjennomført fleire opplæringsaktiviteter for kontrollutvalet dette året.

Medlemmane i utvalet deltok på konferansar arrangert av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er, i tillegg til å vere kompetansebyggingsarenaer, viktige møteplassar for kontrollutvalsmedlemmer der vi møter kollegaer frå heile landet.

2 Samansetting av kontrollutvalet

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med fylkeskommunen, og vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 77.

2.1 Kontrollutvalet 2015 – 2019

For perioden 2015 – 2019 er det valt eit kontrollutval som er samansett slik:

Leiar:	Frank Willy Djuvik (Frp)*
Nestleiar:	Odd Atle Stegegjerdet (Ap)*
Medlemmar:	Jorunn Ringstad/Karoline Aldis Bjerkeset (Sp)
	Lise-May Sæle (H)
	Klaus Iversen (V)

*medlem i fylkestinget

Varamedlemer:

1. vara: Frode Bøthun (Krf)
2. vara: Liv B. Stave (H)
3. vara: Eli Hansen Moen (Ap)
4. vara: Anne Britt Øen Nygård (Sp)
5. vara: Kåre Jarl Langeland (V)
6. vara: Carlo Aall (Mdg)
7. vara: Ole Erik Thingnes (SV)

Jorunn Ringstad fekk innvilga fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet etter vedtak i fylkesutvalet 23.11.2016 i FU-sak 115/16. Fylkestinget vedtok 6.12.2016 val av Karoline Aldis Bjerkeset som nytt medlem i kontrollutvalet.

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale

politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

3 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal også sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal stå fram som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet har eit overordna mål om at kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

4 Budsjett og rekneskap

Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2016 var på 4,619 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2016 viser eit forbruk på 4,398 mill. kroner, som er eit mindreforbruk på 0,221 mill. kroner.

Mindreforbruket skriv seg hovudsakleg frå lågare deltaking på dei forskjellige konferansar og opplæringsaktivitetane det var lagt til rette for dette året. I tillegg var det eit mindreforbruk på kjøp av revisjonstenester der tilbakebetaling frå SF revisjon IKS på kr. 0,025 mill kroner er ein del av dette.

5 Revisjon av fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med to revisjonsfirma. Finansiell revisjon og selskapskontroll vert utført av SF revisjon IKS. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Til å gjennomføre forvaltningsrevisjon har fylkeskommunen rammeavtale med Deloitte AS. Fylkeskommunen nytta seg av opsjonen for to år og ny avtale gjeld fram til 31. mai 2017.

Kontrollutvalet gjennomførte hausten 2016 anbudskonkurranse for å få på plass ny rammeavtale for kjøp av forvaltningsrevisjon. Fylkestinget vedtok 6. desember, etter tilråding frå kontrollutvalet, å inngå ny rammeavtale med Deloitte AS frå 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for fylkeskommunen til å forlenge avtalen i ytterligere to år.

6 Sekretariat for kontrollutvalet

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillende sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2016, som dei føregående åra, bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet (kontrollsjefen) direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret. Organiseringa sikrar uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn av kontrollutvalet. Organiseringa sikrar i tillegg uavhengigheit til selskapa som reviderer fylkeskommunen.

7 Kontrollutvalet si verksemd 2016

7.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet gjennomførte 9 møte i 2016. 7 av møta var sett opp i den opphavlege møtekalendaren. Møtet 27. april vart gjennomført som telefonmøte. Fem av møta vart avvikla på fylkeshuset. Kontrollutvalet handsama 57 saker i 2016.

Medlemmane i utvalet, fylkesordførar og fylkesrådmann får tilsendt møteinnkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet via OneNote. Revisorane får tilsendt innkalling via e-post. Sakspapir og møteprotokoll vert lagt ut på heimesida til fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje for saker som er unnateke offentleg innsyn.

Leiar og nestleiar er fylkestingsmedlemar. Kontrollutvalsmedlemmane som ikkje er medlemar i fylkestinget stiller heller ikkje på fylkestinget i perioden 2015 - 2019. Dette følgjer av fylkestinget sitt vedtak i sak 39/14.

7.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet fremja ni saker til handsaming i fylkestinget i 2016:

- Verksemdplan for kontrollutvalet 2016 – 2019 (FT-sak 10/2016)
- Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015 (FT-sak 11/2016)
- Forvaltningsrevisjon – Vedlikehald og inn klima i fylkeskommunale bygg – rapport (FT-sak 12/2016)
- Årsmelding 205 – Kontrollutvalet (FT-sak 13/2016)
- Selskapskontroll 2016 – Eigarskapskontroll Fjord1 (FT-sak 29/2016)
- Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 (FT-sak 41/2016)
- Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 (FT-sak 42/2016)
- Forvaltningsrevisjon – Anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i «Fjord1-saka» (FT-sak 43/2016)

- Anbud 2016 – Rammeavtale forvaltningsrevisjon 2017 – 2019 – val av leverandør (FT-sak 44/2016)

7.3 Omtale av saker som kontrollutvalet handsama i 2016

7.3.1 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2016

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll vart handsama og vedteke av kontrollutvalet i KU- sak 3/16. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS 29. januar.

7.3.2 Kjøp av forvaltningsrevisjon – rammeavtale

Fylkestinget vedtok i FT-sak 8/15 å forlenge rammeavtalen om kjøp av forvaltningsrevisjon til 31. mai 2017. Kontrollutvalet starta ny prosess med offentlig anbud sommaren 2016 for å få på plass ny rammeavtale. Målet var å få lagt fram sak til fylkestinget desember same år for val av forvaltningsrevisor for dei neste åra. Kontrollutvalet godkjende anbodsdocumenta 25. august i KU-sak 37/16. Anbudet vart lyst ut i DOFFIN og TED. Det kom inn tilbud frå tre leverandørar. Fylkestinget valde i sak 44/16, etter tilråding frå kontrollutvalet, Deloitte AS som leverandør av forvaltningsrevisjonstenester for perioden 1. juni 2017 – 31. mai 2019.

7.3.3 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll

Kontrollutvalet fekk utarbeidd desse planane gjennom året ved hjelp av revisorar og sekretariat. Utvalet var sjølv delaktig i utarbeiding av risikoanalyse og ved val av prosjekt til planverket. Planane vart handsama i kontrollutvalet hausten 2016, og sendt vidare til fylkestinget med tilråding frå utvalet. Planane vart godkjende av fylkestinget i høvesvis FT-sak 41/2016 og 42/2016.

7.3.4 Verksemdplan for kontrollutvalet 2016 – 2019

I reglement for kontrollutvalet, som fylkestinget vedtok i FT-sak 48/15, står det at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for verksemda og legge denne fram for fylkestinget. Fylkestinget vedtok planen i FT-sak 10/16.

7.3.5 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2015

Kontrollutvalet ga i KU-sak 33/16 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2015 på grunnlag av avlagt årsrekneskap, årsrapport frå fylkesrådmannen og revisjonsmelding frå SF revisjon IKS.

7.3.6 Selskapskontroll

7.3.6.1 Selskapskontroll 2016 – Eigaroppfølging Fjord1

Kontrollutvalet vart kalla inn til telefonmøte 27.4.2016 for å drøfte eigaroppfølginga av Fjord1 AS i samband med eventuell utbetaling av utbytte frå selskapet. Utvalet vedtok i møtet å undersøke om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 AS er i samsvar med lover, regler og fylkeskommunen sine egne føringar for eigarutøving.

Sekretariatet for kontrollutvalet i tillegg til SF revisjon fekk i oppdrag å førebu ei sak for kontrollutvalet i framkant av fylkestinget i juni. Det vart utarbeidd eit notat som vart lagt fram

for kontrollutvalet til handsaming 6.6.2016. Kontrollutvalet sendte saka til fylkestinget med ei tilråding i fem punkt. Tiltrådinga vart seinare vedteken av fylkestinget i FT-sak 29/16, der fylkestinget mellom anna ba fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren skulle veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS, fylkestinget ba fylkesrådmannen utgreie konkrete retningsliner for eigarutøving mellom generalforsamlingar og til slutt ba fylkestinget fylkesrådmannen om legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar og vurdering av rutinar for handsaming av dokument og informasjon som er unnateke offentleg.

7.3.7 Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt

7.3.7.1 Forvaltningsrevisjon - Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg

Bestilling av prosjektet vart vedteken av kontrollutvalet i KU-sak 32/15. Utvalet handssama rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon 31. mai i KU-sak 31/16. Fylkestinget handsama rapporten 14. juni, og vedtok kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 12/16. Fylkestinget ba fylkesrådmannen i vedtaket om å sikre at internkontrollsystemet er i samsvar med forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, sikre at det blir fatta enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova og sikre at det blir etablert meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima. Fylkesrådmannen vart bedt om å rapportere status på oppfølginga innan 31. desember 2016.

7.3.7.2 Forvaltningsrevisjon – Anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i «Fjord1-saka»

Bakgrunnen for saka var oppslag i media, der det var stilt spørsmål ved praksis for fakturahandsaming i fylkeskommunen, og i det også kontroll av bilag. Leiar i kontrollutvalet ba fylkesrådmannen i e-post datert 2. februar 2016 om ei orientering om utbetalingane til Wiersholm og DHT. Fylkesrådmannen sendte informasjon til utvalet og orienterte utvalet i møte 3. mars om saka. Kontrollutvalet fann rutineane rundt fakturakontrollen i samband med utbetalingane til å ha vore tilfredsstillande, og kunne ikkje sjå at det var brot på noko regelverk, men kontrollutvalet ba revisor om ei vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen Wiersholm/DHT opp mot lov om offentlege anskaffingar.

Kontrollutvalet mottok rapport frå Deloitte AS 3. oktober 2016, og etter handsaming i utvalet 7. oktober vart saka sendt vidare til fylkestinget med tilråding frå kontrollutvalet i tre punkt, der det mellom anna var avdekka brot på lovverket om offentlege anskaffingar. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 43/16.

7.3.7.3 Forvaltningsrevisjon – Tannhelsetilbodet til prioriterte grupper

Kontrollutvalet valde i KU-sak 6/16 å utsette forvaltningsrevisjon av tannhelsetilbodet til prioriterte grupper på grunn av pågåande politisk prosess rundt tannklinikstrukturten i fylket. Leiar i utvalet fekk, i samråd med kontrollsjef, fullmakt til å bestille forvaltningsrevisjon av kulturminnevern i saka.

7.3.7.4 Forvaltningsrevisjon – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Bestilling vart sendt revisor 11. februar. Prosjektplan vart handsama av kontrollutvalt 3. mars i KU-sak 13/16. Prosjektet skulle vore ferdigstilt hausten 2016, men har blitt forseinka. Rapport er venta våren 2017.

7.3.7.5 Forvaltningsrevisjon – Nasjonal digital læringsarena - NDLA

Kontrollutvalet fekk førespørjing frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om å vere med å dekke kostnadane ved forvaltningsrevisjon av NDLA, eit selskap som er eigd av alle fylkeskommunane i landet unntatt Oslo. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 22/16 ei løyving på kr. 25 000 til denne forvaltningsrevisjonen. Rapport er venta våren 2017.

7.3.7.6 Forvaltningsrevisjon – Arkiv og offentlegheit

Kontrollutvalet vedtok å bestille denne forvaltningsrevisjonen 22. november i KU-sak 57/16. Utvalet handsama og godkjende prosjektplanen i same sak. Ferdigtidspunkt for prosjektet er sett til 15. mai 2017.

7.3.8 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt

Ein del av oppfølgingspunkta i forvaltningsrevisjonsprosjekta er omfattande gjeremål som krev tid å få gjennomført. Det er kome på plass rutine for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar mellom kontrollsjef og fylkesrådmann. Det er utarbeidd eit rekneark i samband med oppfølginga med oversikt over status på dei forskjellige prosjekta. Det er kontrollsjefen som er ansvarleg for oppdatering av reknearket, og det vert lagt fram for kontrollutvalet to gonger i året. I framkant av handsaming i kontrollutvalet vert status gjennomgått med fylkesrådmannen. I tillegg er det fokus på oppfølging av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt som har vore gjennomført.

I 2016 handsama kontrollutvalet oppfølging av 7 tidlegare gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt.

7.3.8.1 Forvaltningsrevisjon – Samhandling og prosjektstyring – oppfølging av vedtak

Kontrollutvalet mottok rapport frå fylkesrådmannen 3. desember 2016. I rapporten viser fylkesrådmannen til tiltak for å få på plass overordna retningsliner for prosjektstyring. Fylkesrådmannen viste også til oppfølging av dei øvrige tilrådingane i rapporten og kontrollutvalet konkluderte med at vedtaket i FT-sak 2/2015 var ferdig oppfølgt.

7.3.8.2 Forvaltningsrevisjon – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – oppfølging av vedtak

Kontrollutvalet mottok brev frå fylkesrådmannen 4. januar 2016 med oppfølging av vedtaket i FT-sak 13/2015. Kontrollutvalet vurderte ein del av tilrådingane til å vere ferdig oppfølgt i vedtaket i KU-sak 5/16. Utvalet ba fylkesrådmannen om ny rapport når dei resterande tilrådingane, 1a – 1f, vert ferdig oppfølgt - seinast 30. juni 2017.

7.3.8.3 Forvaltningsrevisjon 2009 – Fylkesarkivet – oppfølging av vedtak

Kontrollutvalet mottok rapport 23. desember 2015 med oppfølging av vedtaket i FT-sak 3/15. Ein del av tilrådingane var oppfølgt. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 7/16 å be om rapport etter at dei øvrige tilrådingane var ferdig oppfølgt.

7.3.8.4 Forvaltningsrevisjon – Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar – oppfølging av vedtak

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen datert 25. september 2014 med oppfølging av FT-vedtak 27/13. Fylkesrådmannen gjorde i notatet greie for omfattande arbeid i oppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapporten, men ikkje alle tilrådingane var ferdig oppfølgt. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 46/14 å be om ny oppfølgingsrapport innan 19. januar 2015.

Utvalet mottok nytt notat 20. januar 2015. Kontrollutvalet vedtok 10. februar i KU-sak 3/15 å ta notatet frå fylkesrådmannen til orientering. Vidare vedtok utvalet å be om ei orientering frå fylkesrådmannen når tilråding nr. 7 var ferdig oppfølgt.

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen 13. januar 2016 med status for oppfølging av tilråding nr. 7. Endringar på heimesida til fylkeskommunen har resultert i at ein raskt og enkelt kan finne fram til informasjon om fagopplæring og lærlingordninga. Kontrollutvalet vurderte i handsaminga av KU-sak 14/16 at oppfølginga av vedtaket i FT-sak 27/13 var fullført.

7.3.8.5 Forvaltningsrevisjon – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14

Kontrollutvalet mottok oppfølgingsrapport frå fylkesrådmannen 10. februar 2015. Mange av tilrådingane var oppfølgt, men det stod noko igjen. Fylkesrådmannen ba i notatet om ny frist til utgangen av 2015 for ein del av tilrådingane. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 14/15 å be om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016

Kontrollutvalet mottok ny rapport 19. januar 2016 frå fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen ber om tid fram til 31.12.2016 med å utarbeide ei oppdatert ROS-analyse og til å få på plass oversikt over kai-anlegg i fylket. Fylkesrådmannen skriv i notatet at omorganiseringa av sentraladministrasjonen er førande for vidare framdrift i arbeidet med ROS-analysen. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 15/16 ei utsetting av fristen til 31.12.2016.

7.3.8.6 Forvaltningsrevisjon 2010 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging av rapport

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen 10. juni 2015 der retningslinjer for byggerekneskap i fylkeskommunen, som fylkesutvalet vedtok i FU-sak 38/15, vart presenterte. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 33/15 å be om ny status på tilrådingane 2 - 5 innan utgangen av mars 2016.

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen 18. mars 2016 der fylkesrådmannen rapporterer oppfølging av tilrådingane 2 – 5. Kontrollutvalet konkluderte med at tilrådingane var oppfølgt og vedtok i KU-sak 21/16 at vedtaket i FT-sak 2/11 var ferdig oppfølgt.

7.3.8.7 Forvaltningsrevisjon – Læringsmiljø og PP-tenesta – oppfølging av vedtak

Kontrollutvalet mottok 30. mars 2016 notat frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtaket i FT-sak 30/15. I notatet gjer fylkesrådmannen greie for oppfølginga av dei fem tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten. Fylkesrådmannen viser i notat til mykje godt arbeid med oppfølginga der det meste var utført. Kontrollutvalet ba i vedtaket om ny tilbakemelding på tilråding nr. 1, som gjaldt system og rutinar som sikrar at fylkeskommunen driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppl. § 9a-4. Utvalet ba i KU-sak 23/16 om tilbakemelding med ny status for oppfølging innan 1. september 2016.

I notat datert 1. september legg fylkesrådmannen fram «System for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø» som svarer på tilråding nr. 1. På bakgrunn av notatet vurderte kontrollutvalet oppfølging av forvaltningsrevisjonen Læringsmiljø og PP-tenesta som fullført i vedtaket i KU-sak 54/16.

7.3.9 Kombinasjonen av å vere medlem i kontrollutvalet og finansutvalet

Det vart stilt spørsmål i finansutvalet 4. november 2015 om leiar i kontrollutvalet også kan vere medlem i finansutvalet. Finansutvalet ba fylkesrådmannen om eit notat der problemstillinga vart vurdert.

Fylkesrådmannen kom i si vurdering fram til at det her ikkje var eit ulovleg personsamanfall, men at det er ein uheldig kombinasjon av verv med omsyn til kontrollutvalet sin uavhengigheit. Denne vurderinga vart lagt fram som eit notat til fylkesutvalet 27. januar 2016. Fylkesutvalet ba om å få notatet tilbake med kontrollutvalet sine eventuelle merknadar.

Kontrollutvalet fekk spørsmålet vurdert av juridisk rådgjevar Bernt Frydenberg i NKRF (Norges kommunerevisorforbund). Vurderinga til Frydenberg var at personsamanfallet er lovleg etter kommunelova § 77, og at det vesentlege spørsmålet er i kva grad det kan oppstå situasjonar der leiar i kontrollutvalet vert ugild til handsaming av saker på grunn av vervet i finansutvalet. Frydenberg gjekk ikkje nærare inn på spørsmålet om kontrollutvalet sin uavhengigheit i si vurdering.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i KU-sak 12/16:

- 1. Personsamanfall ved at leiar i kontrollutvalet er medlem i finansutvalet er ikkje i strid med reglane i kommunelova.*
- 2. Kontrollutvalet sin uavhengigheit vert ikkje påverka av at leiar eller medlem i kontrollutvalet også er medlem i finansutvalet.*
- 3. Vurdering av habilitet ved personsamanfall vert gjort i den enkelte sak der det er grunnlag for slik vurdering.*
- 4. Vedtaket vert sendt fylkesutvalet til orientering.*

Vedtaket vart sendt til fylkesutvalet.

7.3.10 Kontrollutvalet - Budsjett 2017/Økonomiplan 2017 - 2020

Kontrollutvalet behandla i KU-sak 38/16 budsjett for 410 Kontrollutval, som består av kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstenester. Framlegget til budsjett og økonomiplan vart sendt fylkesutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

7.3.11 Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015 til desisjon

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 29/16 tilråding til fylkestinget om å ta rapporten etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015 til etterretning. I tillegg ga kontrollutvalet tilråding om at pkt. 3 i vedtaket i FU-sak 104/15 (Rådgjevar for fylkesordføraren) vart oppheva. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 11/16.

7.3.12 Revisorbrev 03/2016

Ny rutine inneber at det frå 2014 skal vere fortløpande nummerering av revisorbrev.

Kontrollutvalet mottok 5. juli 2016 revisorbrev 03 - 2016. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 39/16 å ta revisorbrevet til etterretning. I tillegg vedtok utvalet å be fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant å få på plass gode rutinar som sikrar avstemming av kasse og bankkonti på skular og

tannklinikkar, ferdigstille arbeidet med å få på plass eit anleggsregister og sikre at renter knytt til spelemidlar kjem inn på rett konto ved utgangen av året. Utvalet ba fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. oktober 2016 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet mottok kopi av brev frå fylkesrådmannen til SF revisjon IKS 27. september 2015 med oppfølging av revisorbrevet. Fylkesrådmannen gjev i brevet ein status på tiltak for å følgje opp tilrådingar i revisorbrevet. Revisor hadde ingen merknadar til tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen. Revisor vil i samband med revisjonen av årsrekneskapen for 2016 gjennomføre kontrollar der ein ser om oppfølginga er tilfredsstillande. Kontrollutvalet handsama brevet frå fylkesrådmannen i KU-sak 50/16. Utvalet vedtok å ta brevet til vitande, og i tillegg at oppfølginga av revisorbrev 03/2016 er fullført.

7.3.13 Vurdering av uavhengigheit

Kontrollutvalet handsama uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS og Deloitte AS i sakene 52/16 og 53/16. Utvalet tok uavhengigheitserklæringane til etterretning.

7.3.14 Engasjementsbrev frå SF revisjon IKS

Kontrollutvalet mottok 8. november 2016 engasjementsbrev frå SF revisjon IKS. SF revisjon IKS stadfester og dokumenterer i brevet at dei tek på seg oppdraget som finansiell revisor for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kontrollutvalet tok brevet til vitande i KU-sak 51/16.

7.3.15 Oppfølging av utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet har ei fast sak om oppfølging av utvalet sitt arbeid. I denne saka får utvalet sine medlemmer ei oversikt over utvalet sitt pågåande arbeid med kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda. Utvalet handsamar også ei sak om status på gjennomførte forvaltningsrevisjonar i løpet av året - i 2016 var dette KU-sak 17/16.

I tillegg har utvalet ei fast sak med skriv, meldingar og orienteringar. I denne saka vert skriv som er aktuelle for utvalet lagt fram. Utvalet får i tillegg orienteringar frå eksempelvis fylkesrådmann, revisor eller andre som utvalet vil ha ei eller anna form for orientering frå. Leiar i utvalet og kontrollsjef har eigne orienteringspunkt i saka.

Utvalet vedtok i KU-sak 32/16 eiga årsmelding for 2015 og sendte den til fylkestinget som orienteringssak.

8 Andre forhold

Kontrollutvalet vedtek eigen møte- og aktivitetsplan der aktivitetane til utvalet er tilpassa behov for tilsyn og kontroll og det budsjettet som utvalet får tildelt. I tillegg vedtek utvalet årsplan for eige utval og gje vedtak om disponering av eige budsjett. Utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

9 Oppsummering

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ei nyttig aktør for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemd.

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget som rapport om utvalet sitt arbeid med tilsyn og kontroll av den fylkeskommunale verksemda.

Kontrollutvalet takker revisorar, administrasjon og politisk leiing for samarbeidet i 2016.

Leikanger 28. mars 2017

Frank Willy Djuvik, leiar (s)

Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar (s)

Karoline Aldis Bjerkeset (s)

Klaus Iversen (s)

Lise-May Sæle (s)

Einar Ulla, kontrollsjef (s)



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Kontrollutvalet
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Foto framside:
Anne-Kjersti Stavø Stenehjem